

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-N64	20/712

Saknr	Utval	Type	Dato
070/2020	Formannskapet	PS	31.08.2020

Breidband til Tangedalsvegen 372 m.fl. -

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Masfjorden ba hausten 2019 om eit kostnadsoverslag om kva det vil kosta å byggja breiband/ fiber fram til Tangedalsvegen 372. I tillegg vil ein kunne få fram breiband til dei to fråflytta bruka på:

- Tangedalsvegen 361
- Tangedalsvegen 375

Lenger nede i dalen er det alt bygd fram fiber i regi av Telenor sitt utbygging som vart avslutta i 2019. Ein føresetnad i tilbodet var at grunneigarane sjølv ville ta ansvar for å rydda vekk skog som er i vegen langs linjetraseen som går opp dalen til desse adressene. Det arbeidet skal no vera gjort.

Kommunen fekk eit kostnadsoverslag i januar frå Telenor pålydande krone 369.472,-, og der Telenor skulle gå inn med 20.000,- pr adresse om alle tingar. Differansen på krone 309.472,- må dekkast av kommunen med tilskot, eventuelt med deltilskot frå statlege/ regionale breibandsmidlar. Saman med kostnadsoverslaget er det lagt ved eit notat frå foretaket Eltel som i detalj skildrar arbeidet som må gjerast i samband med framføring av fiber til dei tre adressene.

I Tangedalen er det no fast busetting på ei adresse. Når det store breibandsprosjektet starta opp i 2018 var det ingen som budde fast på desse tre adressene, og difor vart det ikkje bygd fiber øverst i Tangedalen.

Vurdering

Når det store breibandsprosjektet starta opp i 2018 var det ingen som budde fast i dette området, og difor vart som sagt ovanfor ikkje bygd fiber øverst i Tangedalen. Dei siste åra har fylkeskommunen lyst ut at kommunane kan søkje om tilskot til breibandsutbygging. I år var søknadsfristen 30. juni, men det er påreknelig at støtteordninga vil verta oppretthalda framover. Rådmannen vil peika på at det kan koma ønsjer frå andre stadar og meiner det må vurderast å ha ein fast post på budsjettet som handlar om tilskot til breibandsutbygging.

Rådmannen vil vise til at det siste breidbandprosjektet vart fullført i løpet av 2019, og at kommunen i fjor gjekk inn med 5,5 millioner i egne midlar, som kom i tillegg til tilskotet frå NKOM på 6 millioner.

Denne saka handlar om Masfjorden kommune skal engasjere seg i vidare breibandsbygging til ein enkelt bustad/ våningshus som det nyleg har flytta folk til. Ei utbygging her vil og vera til nytte for to fråflytta bruk som ligg i same området. Eit eventuelt tilskot til denne investeringa vil koma tidlegast i 2021 sidan ein ikkje fekk vurdert dette politisk før søknadsfristen til fylkeskommunen gjekk ut 30. juni. Ei politisk avklaring vil likevel vera nyttig og viktig i samband med neste søknadsomgang som sannsynlegvis kjem sommaren 2021, eventuelt seinare i haust om det vert igjen unyttta midlar i fylkeskommunen.

Konklusjon

Rådmannen legg saka fram til drøfting.

Formannskapet - 070/2020

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Formannskapet samla seg om følgjande framlegg til vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å søke om støtte og finansiering og eventuelt innarbeide investeringa i budsjett 2021.

Framlegg til vedtak sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å søke om støtte og finansiering og eventuelt innarbeide investeringa i budsjett 2021.